


Samarbeidsavtale mellom Hordaland fylkeskommune og NAV Hordaland om oppfølging av ungdom med lovfesta rett til vidaregåande opplæring

Avtalen gjeld fordeling av ansvar mellom partane for oppfølging av ungdom som står i fare for å slutte på skulen eller læreløp, eller er utanfor arbeid og opplæring.



1. Føremål med avtalen

Føremålet med avtalen er å få ungdom til å fullføre vidaregåande opplæring gjennom heilskapleg samarbeid.

Avtalen skal styrke og regulere samarbeidet mellom HFK og NAV.

Avtalen skal vere kjend blant tilsette ved alle NAV-kontor, tilsette i Opplæringsavdelinga og i dei vidaregåande skulane i Hordaland Fylkeskommune.

NAV-kontora skal ha rutinar som koordinerer den kommunale og statlege verksemda i NAV.

Hordaland fylkeskommune skal ha rutinar som regulerer og koordinerer ansvar mellom seksjon for Fagopplæring, Oppfølgingstenesta (OT/PPT) og dei vidaregåande skulane. Samtidig innsats skal vurderast der dette er mest tenleg for ungdommen.

Begge partar oppmodar til lokale initiativ for samarbeid som strekker seg lenger enn det avtalen legg opp til.

2. Forankring

Partane sin samla innsats i høve målgruppa er forankra i Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova, Lov om arbeids- og velferdsforvaltninga (NAV-lova) og Arbeidsmarknadslova

Det er sett ned eit samarbeidsutval på leiarnivå for å sikre forankring og som arbeidar etter følgjande mandant:

Hordaland fylkeskommune og NAV har fire møte i året for å leggja til rette for at fleire fullfører vidaregåande opplæring. Partane skal samarbeide tverrfagleg rundt oppfølging av ungdom som står i fare for å slutte på skulen eller i lære. Og samarbeide om tiltak for ungdom som står utanfor opplæring eller arbeid. Samarbeidsutvalet skal årleg evaluere avtalen.

Behov for avklaringar, tolking av innhaldet i avtalen og eventuelle spørsmål om partane etterlever avtalen skal løftast til samarbeidsutvalet

3. Målgruppe

Ungdom mellom 16 og 21 år med lovfesta rett til vidaregåande opplæring:

- Ungdom som har utfordringar med å fullføre opplæring, eller står utanfor opplæring eller arbeid
- Ungdom som har vanskar med å få læreplass, eller lærlingar/lærekandidatar som står i fare for å avbryte læreløpet.
- Ungdom som er i ferd med å avslutte skulen og vil ha behov for varig tilpassa arbeid.

4. Rutinar for ansvarsdeling og samarbeid

- Oppfølgingstenesta, Fagopplæring og det lokale NAV-kontor skal peike ut kvar sin kontaktperson for å lette arbeidet i enkeltsaker. Partane skal halde kvarandre oppdaterte ved skifte av kontaktperson.
- For å sikre kontinuitet i arbeidet og ei heilskapleg oppfølging av ungdomen, bør det vere faste møte mellom partane, til dømes ein gong i månaden.
- Årleg vert det arrangert eit felles arbeidsseminar.
- Ved samarbeidsprosjekt i avtaleperioden som til dømes NAV i skule skal partane utarbeide eigne samarbeidsrutinar.

Arbeidsretta tiltak:

- Arbeidsretta tiltak i regi av NAV kan for denne målgruppa understøtte føremålet om å auke gjennomføringa av vidaregåande opplæring.
- Arbeidsretta tiltak skal som ein hovudregel knytast opp til læreplanmål.
- Partane skal samarbeide om å utvikle ein eller fleire metodar for å knytte arbeidsretta tiltak til læreplanmål.

4.1 Ungdom som har utfordringar med å fullføre opplæring, eller står utanfor opplæring eller arbeid.

Skule:

- Når ungdom har utfordringar med å fullføre opplæringa har skulen ansvar for å ta dette opp i ressursteam. Her skal ein avklare kva PPT eller OT kan bidra med på individ eller systemnivå, eventuelt gje rettleiing til skulen i arbeidet med å førebyggje fråfall.
- Skuleleiinga har ansvar for at det vert gjennomført ein avklaringsamtale og at det vert utarbeidd ein oppfølgingsplan med eleven i samarbeid med OT.

Oppfølgingstenesta:

- OT inviterer ungdomen til samtale og kartleggjar ungdomens mål og ønskjer. OT vurderer saman med ungdomen ulike tiltak og utarbeidar ein oppfølgingsplan.
- OT tar kontakt med NAV dersom det er føremålstenleg for ungdommen. Det skal avklarast om arbeidsretta tiltak er rett tiltak.
- Jfr. forskrift til Opplæringslova har OT eit koordinerande ansvar for å sikre og samordne tverretatleg samarbeid.

Nav:

- Når ungdom melder seg direkte hos NAV skal det lokale NAV-kontor varsle kontaktpersonen i Oppfølgingstenesta.
- NAV skal prioritere ungdom i målgruppa og i samråd med OT kalle inn ungdom for å gjere ei behovsvurdering, og setja i verk eigna tiltak.
- NAV skal orientere OT når tiltak er gjennomført eller avbrote. OT skal og orienterast om det av ulike grunnar ikkje har vore mogleg å setje i gang tiltak.

4.2 Ungdom som har vanskar med å få læreplass, eller lærlingar/lærekandidatar som står i fare for å avbryte læreløpet.

Fagopplæring:

- Seksjon for fagopplæring har ansvaret for formidling av ungdom til høveleg læreplass.
- For ungdom som er vanskeleg å formidle ut i lære, har fagopplæringa ansvar for å avklare utfordringar og behov hos den enkelte.
- Fylkeskommunen sine egne verkemiddel skal først nyttast for å få til avtalar med lærebedrift.
- For elevar som har vanskar for å få læreplass skjer samarbeidet mellom Fagopplæring og NAV.
- For lærlingar/lærekandidatar som står i fare for å avbryte eller avbryt kontrakten er det Fagopplæring som har ansvar for at det vert halde avklaringsamtale, og at OT eller NAV vert kopla inn der dette er føremålstenleg.

Nav:

- Der fylkeskommunen sine verkemiddel ikkje er tilstrekkelege kan NAV sine arbeidsretta tiltak nyttast, med mål om lærekontrakt.
- Det arbeidsretta tiltaket skal vere kortvarig, og det skal avsluttast når lærekontrakt vert inngått. Fagopplæring har ansvaret i samband med lærekontrakt.
- Om ein ungdom som har søkt, men ikkje fått læreplass og melder seg på NAV, skal NAV kontakte seksjon for fagopplæring og vidare saksgang skal avklarast.

Oppfølgingstenesta:

- Når OT vert kopla inn inviterer OT ungdomen til samtale for å kartleggjar ungdomens mål og ønskjer. OT vurderer saman med ungdomen ulike tiltak og utarbeidar ein oppfølgingsplan.

4.3 Ungdom som er i ferd med å avslutte skulen og vil ha behov for varig tilpassa arbeid.

Gruppa omfattar ungdom som vil ha behov for eit varig tilpassa arbeid, og ungdom som vil trenge langvarig bistand og oppfølging frå NAV for å kunne gjere bruk av arbeidsevna si i eit ordinært arbeidsliv. Samarbeidet er mellom den enkelte vidaregåande skule og NAV.

Skulen:

- Skal i løpet av siste skuleår kalle inn NAV til eit samarbeidsmøte om enkelteleven. Om det er ei ansvarsgruppe kring eleven, er dette eit eigna forum.
- Målet er å tryggje overgangen frå skule til arbeid. Det bør i møtet avklarast kva tid NAV skal ta over hovudansvaret for oppfølginga.

Nav:

- I samarbeidsmøte har NAV ansvar for å gje informasjon om rett på eventuelle ytingar.
- Før innsøking til relevant tiltak kan skje, skal det gjerast ei behovs- og arbeidsevnevurdering av NAV. NAV må ha tilgang til relevant informasjon, både med tanke på arbeidsevnevurdering og innsøking til tiltaket.

5. Samtykke

Rutinar for skriftleg samtykke frå ungdommen for utveksling av relevant informasjon skal følgjast opp av alle partar.

6. Avtaleperiode

Avtalen gjeld til 31.12.2019 med mindre ein av partane seier han opp.

7. Avtalen trer i kraft ved signering.

Fylkesdirektør opplæring
Hordaland Fylkeskommune

Fylkesdirektør
NAV Hordaland